
Søklar

Institusjonsopplysningar

Institusjonsnamn	Alver bibliotek
Institusjonens e-postadresse	bibliotek@alver.kommune.no
Postadresse	Postboks 4
Postnummer	5906
Poststad	Frekhaug
Kontonummer	32 072 930 559
Leiar av institusjonen	
Fornamn	Trine Helene
Etternamn	Pete
Telefon	93 609 163
E-post	trine.helene.pete@alver.kommune.no
Er institusjonens leiar kontaktperson for prosjektet?	Ja

Søknadstype

Vel søknadstype

Søknadstype	Innsatsområde
Innsatsområde	<ul style="list-style-type: none">• FNs bærekraftsmål og bibliotek• Nye samarbeidsformer

Prosjekt

Beskriv prosjektet

Prosjekttittel	Berekraft, biosfære og bibliotek - samarbeid i Nordhordland UNESCO biosfæreområde
Mål	<p>Biblioteka i Nordhordland skal samarbeide om å planlegge, utvikle og gjennomføre interaktive arrangement innan Nordhordland UNESCO biosfæreområde.</p> <p>Hovudmåla for prosjektet:</p> <ul style="list-style-type: none">- Vekkje engasjement, interesse og kunnskap hos innbyggjarane innan berekraft, handverkstradisjon, lokalmat, kulturminne og ullproduksjon innanfor biosfæreområdet.- Synleggjere og styrke biblioteket som kunnskapsaktør i region Nordhordland- Etablere eit formelt samarbeid med Region Nordhordland om prosjektet Nordhordland UNESCO biosfæreområde. <p>Det vil undervegs i prosjektet vere naturleg med følgande undermål:</p> <ul style="list-style-type: none">- Skape nye samarbeid med lokale aktørar- Fremje lokale aktørar, frivillige lag og organisasjonar- Skape nye møteplassar og møte mellom generasjonar <p>Vi skal måle prosjektet ved å sjå på statistikk, aktivitet hos deltakarane før og etter arrangement, og utvikle prosjektet undervegs for å treffe målgruppa. Vi vil og sjå på kor aktive deltakarane er når dei er med på aktivitetane.</p>

Prosjektbeskriving

Bakgrunn:

Nordhordland er utpekt som eit biosfæreområde av UNESCO i 2019 som første område i Noreg. Eit UNESCO biosfæreområde arbeider for berekraftig utvikling der ein skal ta vare på det biologiske og kulturelle mangfaldet, og vidareutvikle lokalsamfunnet i ei berekraftig retning. Området skal arbeide med å finne, utvikle og formidle gode berekraftige prosjekt. Berekraftig utvikling innanfor prosjektet har eit miljømessig, økonomisk og sosialt perspektiv.

Alver bibliotek ser at dette er eit spennande prosjekt der vi kan utvikle oss som kunnskapsaktør, møteplass og formidlar samstundes som ein sett berekraft og FNs berekraftsmål på agendaen, i tillegg til at det inspirerer oss til å tenke nytt når det kjem til samarbeid i regionen. Biosfæreområdet omfattar mellom anna kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Vaksdal og litt av Øygarden. I dette prosjektet er Alver bibliotek prosjekteigar og har etablert eit samarbeid med biblioteka i Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal i forkant av søknadsprosessen. Det kan bli aktuelt å invitere Gulen og Øygarden med

undervegs. Det vil og vere naturleg og aktuelt å samarbeide med kulturutvikling og kulturarv internt i kommunane. Søknadssum: 500 000

Vidare skal biblioteka samarbeide med Region Nordhordland om biosfæreområdet for å finne og utvikle gode arrangement som fremjar og synleggjer sjølve prosjektet, vår funksjon som formidlar og møteplass i regionen, og sette berekraft og kulturarv på kartet.

Aktuelle berekraftsmål:

Berekraftsmål nr 17: Samarbeid for å nå måla vert hovudmålet for prosjektet, men vi vil naturleg arbeide med andre mål innanfor prosjektet som 11 om berekraftige byer og lokalsamfunn, mål 12 om ansvarleg forbruk og produksjon, mål 14 om livet i havet og mål 15 om livet på land.

Føremål og målgruppe:

Føremålet med prosjektet er å skape ein serie med arrangement retta mot publikum for å framheve kunnskapen om biosfæreområde. I løpet av prosjektet ønskjer vi å fremje samtale, debatt, vekke ny kunnskap i lokalsamfunnet og satse på berekraft i eit sosialt, økonomisk og miljømessig perspektiv.

Ved å løfte biosfære, samarbeid og berekraft i og utanfor bibliotekrommet i region Nordhordland ønskjer vi å vekke engasjement hos innbyggjarane. Vi vil satse på å skape gode møteplassar på tvers av generasjonar.

Nokre spørsmål som skal engasjere og vekke interesse, som vi legg i grunn for utvikling og gjennomføring av arrangementa er:

- Kva betyr det for Nordhordland at vi er eit biosfæreområde?
- Korleis kan vi ta vare på kulturarven vår, handarbeidstradisjonar og kulturminne?
- Korleis kan vi vareta kulturlandskapet og matjorda, derav sikre mattryggleiken?
- Korleis kan vi skape berekraftig næring og lokale arbeidsplassar?
- Korleis skape gode møteplassar og sikre levande lokalsamfunn?
- Korleis kan innbyggjarane bidra til å nå berekraftsmåla?

For å gjennomføre dette vil vi satse på interaktive arrangement i og utanfor bibliotekrommet, der kvart bibliotek satsar på styrkane innanfor sin kommune. Vi vil samarbeide om planlegging og gjennomføring av arrangementa og inspirere innbyggjarane til å oppsøke møteplassane på tvers av kommunegrensar. Med interaktive arrangement meiner vi arrangement der innbyggjarane deltek aktivt samstundes som dei får ny kunnskap og møter nye menneskje.

Eit formelt samarbeid med Region Nordhordland vil etablerast, desse vil fungere som ein kunnskapsaktør og hjelpe biblioteka å utvikle og gjennomføre prosjektet samt finne lokale aktørar innanfor dei fem ulike satsingsområda dei arbeidar med.

Dei mindre aktørane vil vere samarbeidspartnarar i form av aktivitet under arrangementa for å fremje

måla i prosjektet. Dei kan vere lokale matprodusentar, diktere, formidlarar, arbeide med tradisjonshandverk, husflidlag, musikarar og liknande.

Mellom anna vil vi fremje:

Sau og ull

I Nordhordland har ein i dag fleire lokale attraksjonar knytt til ull: Ein kan besøka Lyngheisenteret på Lygra og høyre om korleis menneska kultiverte landskapet gjennom å brenna og hausta lyngen til dyrefor eller Osterøy museum kor ein kan lære gamle tekstil- og handverkstradisjonar, deriblant korleis veva din eigen viking- regnfrakk på oppstadveven. På Havrå har ein Noregs best bevarte klyngetun som visar gamle bondetradisjonar og Gripen Gaard på Holsnøy driver sauedrift på gamlemåten. Hillesvåg ullvarefabrikk lagar ull og garn til kvalitetsmedvitne kundar i inn- og utland.

Klede

Nordhordland har sterke tradisjonar knytt til klede og tekstilar, der klede vart laga av lokale råvarer. I tråd med FNs berekraftsmål må me stoppa klimaendringane, og eit steg er å endra på bruk og kast måten me tek omsyn til klede på.

Landbruk og mattradisjonar

Skal verda nå FN sine berekraftsmål knytte til mattryggleik, berekraftig landbruk og genetisk mangfald, må alle nasjonar bidra til å oppretthalde evna til matproduksjon basert på stadeigne ressursar. Nordhordland er riktig på naturressursar som sau, fisk, sjøpølse, tang og tare.

Handverk og kulturminne

Ein har lange tradisjonar for smi i Nordhordland. Nordhordlendingen var kjent for sine navrar. Navaren er forløpar til dagens elektriske drill, og har ei tusenårig historie.

Som ein del av eit biosfæreområdet må ein skapa treffstader for erfaringsutveksling og kunnskapsoverføring. Anten ved at ein skaper open, gratis aktivitet på dei ulike stadene attraksjonane er eller at ein inviterer inn dei ulike institusjonane til på biblioteka til ulike arrangement. Målet er å både framheva tradisjonane, men også ha kunnskapsoverføring til nye generasjonar.

Prosjektet er ein todelt prosess.

- Del ein vil vere å skape formelle samarbeid, finne lokale aktørar, planlegge arrangementa og marknadsføre prosjektet.
- Del to vil vere å gjennomføre arrangementa.

Etter prosjektslutt vil biblioteka i Nordhordland evaluere prosjektet og eventuelt vidareføre dette i drifta. Vi ønskjer at prosjektet skal gi oss ny kunnskap som vi kan ta vidare ved planlegging av arrangement i og utanfor biblioteket, samt bruke dei aktuelle samarbeidspartnarane vidare.

Forankring:

1. Nasjonal bibliotekstrategi kapittel 1 om at FNs berekraftsmål skal ligge til grunn for regional og kommunal utvikling samt kap. 5 om nye samarbeidsformer.
2. Alver kommune sitt høyringsutkast for kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 og medfølgende handlingsprogram for kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2026. Der Alver bibliotek i hovudsak skal arbeide med styrking av satsingsområde innanfor demokrati, offentleg, samtale, arrangement, oppsøkande formidling og samarbeide med næringsliv. Det skal og arbeidast med berekraft, mangfald og inkludering. Høyringa av kommunedelplan og handlingprogram kjem ut på alver.kommune.no i.la februar.
3. Strategiplan for Nordhordland UNESCO Biosfæreområde 2021-2025. Sjå nordhordlandbiosphere.no.

Erfaringsutveksling:

Etter prosjektslutt vil det føreligge ein evalueringsrapport til deling med biblioteka og andre aktørar som arbeider med formidling, berekraft, kultur og biosfære.

Biblioteka i Nordhordland vil invitere seg inn i eit møte med bibliotekutvikling Vestland der vi presenterer heile prosjektet for dei andre kommunane i Vestland. Det kan vere aktuelt å presentere i fleire regionar.

Framdriftsplan

Prosjektet er

Eitårig

Aktivitetsplan for prosjektet

Beskriving

Del ein: Opprette formelt samarbeid med Region Nordhordland.
Kartlegge moglege aktørar som kan bidra i prosjektet.
Invitere til og etablere samarbeid med lokale aktørar.
Utvikle ein arrangementplan.

Aktivitetsperiode

Fra dato

02.05.2023

Til dato

31.07.2023

Beskriving	Del ein: Lage ein marknadsføringsplan for arrangementa. Lage ein felles brosjyre. Marknadsføre desse i alle biblioteka og alle lokale aktørane med fysiske plakatar, på digitale flater.
------------	---

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.08.2023
Til dato	31.08.2023

Beskriving	Del to: Praktisk tilrettelegging av arrangementa. Gjennomføre arrangementa.
------------	---

Aktivitetsperiode

Fra dato	17.09.2023
Til dato	31.05.2024

Beskriving	Evaluere og eventuelt justere arrangementplanen og marknadsføringsplanen undervegs.
------------	---

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.12.2023
Til dato	31.01.2024

Beskriving	Evaluering av prosjektet og eventuell vidareføring.
------------	---

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.05.2024
Til dato	31.05.2024

Andre opplysninger

Andre opplysninger/kommentarer om framdrifts-/aktivitetsplan	Marknadsføring vil skje fortløpande undervegs i prosjektet etter gjeldande marknadsføringsplan.
--	---

Budsjett

1. prosjektår

Søknadsbeløp frå Nasjonalbiblioteket	500 000
--------------------------------------	---------

Andre inntekter 1. prosjektår

Beskriving	Eigenandel, arbeidstid
------------	------------------------

Beløp	300 000
-------	---------

Beskriving	Eigenandel, avsatt midlar frå eige budsjett
------------	---

Beløp	80 000
-------	--------

Inntekter totalt 1. prosjektår:	880 000
---------------------------------	---------

Utgifter 1. prosjektår

Beskriving	Frikjøp av personale i Alver bibliotek til planlegging og gjennomføring av arrangement
------------	--

Beløp	320 000
-------	---------

Beskriving	Frikjøp av personale samarbeidsbiblioteka til prosjektmøter og gjennomføring av arrangement
------------	---

Beløp	200 000
-------	---------

Beskriving	Honorarer/utgifter til arrangement
------------	------------------------------------

Beløp	300 000
-------	---------

Beskriving	Marknadsføring og trykt materiell
------------	-----------------------------------

Beløp	30 000
-------	--------

Beskriving	Reiseutgifter
------------	---------------

Beløp	30 000
-------	--------

Utgifter totalt 1. prosjektår:	880 000
--------------------------------	---------

Totalt

0

Samarbeidspartnarar

Har du samarbeidspartnar(ar)? *	Ja
---------------------------------	----

Namn	Region Nordhordland - Nordhordland UNESCO biosfære
------	--

Beskriv samarbeidet	Kunnskapsaktør som vil samarbeide om å finne, utvikle og planlegge gode arrangement og møteplassar.
Namn	Modalen bibliotek
Beskriv samarbeidet	Prosjektdeltakar for å planlegge og gjennomføring av prosjektet.
Namn	Osterøy bibliotek
Beskriv samarbeidet	Prosjektdeltakar for å planlegge og gjennomføring av prosjektet
Namn	Fedje bibliotek
Beskriv samarbeidet	Prosjektdeltakar for å planlegge og gjennomføring av prosjektet
Namn	Austrheim bibliotek
Beskriv samarbeidet	Prosjektdeltakar for å planlegge og gjennomføring av prosjektet
Namn	Vaksdal bibliotek
Beskriv samarbeidet	Prosjektdeltakar for å planlegge og gjennomføring av prosjektet
Namn	Masfjorden bibliotek
Beskriv samarbeidet	Prosjektdeltakar for å planlegge og gjennomføring av prosjektet

Vedlegg

Last opp vedlegg

Sammendrag og innsending